

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Frå ellesråd; Førde kyrkjelege fellestråd

Adresse: Kyrkjevegen 23 F, 6809 Førde

Kontaktperson: Oddvar Etnestad, Kyrkjeverje

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

- Vi skal framleis ha ei landsdekkjande, engasjert og levande folkekyrkje, som sikrar alle eit kyrkjeleg tilbod, og at ein opplever eigarskap og tilhørigheit til kyrkja lokalt.
- Vi vil styrke soknet og den lokale kyrkje ved å gje soknet meir ansvar, større sjølvråderett og auka styring med dei lokale ressursar.

Ein må halde på soknet som grunneininga i Den norske kyrkje med status som sjølvstendig rettssubjekt. Dette må synleggjerast i reformarbeidet i kyrkja slik at soknet faktisk sit med reel mynde over soknets verksemd.

Med den varsla kommunereforma vil vi no framover få større fellestrådsområde som er meir robuste og kompetente t.d. i forhold til utøving av utvida arbeidsgivaransvar.

- Vi ser med uro på ein alternativ modell der ansvar og mynde i soknet vert overført til bispedømmerådsnivået, ein stiller spørsmålet ved dette framlegget utifrå refleksjonsprosessen som vart gjennomført i 2013 då berre 2 % støtta at dei som arbeidde i sokna skulle ha løysing med sentral arbeidsgjevar. Kva er poeng med refleksjonsprosessar om ikkje Kyrkjerådet tek omsyn til dei innspel som kjem inn?
- Ein er skeptisk til å erstatte dagens ordning med lokal finansiering av aktiviteten lokalt, skal bli erstatta med ein tilskotsordning der ein gir tilskot oppover i systemet. Ein vil då misse det nære samarbeidet med politisk styring i kommunane, og den lokale ansvarskjensle og engasjementet blant kommunepolitikarane vil kunne verte svekka.
- Den lokale kyrkja er avhengig av eit godt og nært samarbeid med politisk styring i kommunen. Vi meiner dagens finansieringsmodell bidreg til at lokalpolitikarane kjenner ansvar og engasjement i forhold til kyrkjeøkonomien i sin kommune. Vi trur også at dette i sum gjer at kyrkja får meir igjen.
- Dialogen fellestråd har i dag med kommunen er med å synleggjere lokalkyrkja.
- Skal vi lukkast med å være ei landsdekkande folkekyrkje også i framtida, må vi ta vare på og hegne om det lokale engasjementet. Jo nærmare soknet vi plasserer makt og mynde, jo større trur vi motivasjonen og innsatsviljen vil være.

4 røyster

Alternativt framlegg:

Svar: Nei

Noverande oppgåve- og myndigheitsfordeling mellom dei ulike organ og nivå kan i hovudtrekk
førast vidare.

Mål:

1. Styrkje det lokale kyrkjelivet med å legge auka ansvar på soknerådet.
2. Trygge ei landsdekkande og levande folkekyrkje med gode rammer for prestetenesta gjennom biskopen si leiing og tilsyn.
3. Halde fram med tett samarbeid mellom soknet og kommunen , så lenge vi har noverande finansieringsordning.

Våren 2016 veit vi meir om endringar i kommune- og fylkesgrenser. Kyrkja si organisering bør kunne tilpassast store, mellomstore og små kommunar.

Vi treng framleis bispedømmeråd på regionalt nivå for å forvalte ressursane ved på beste måte i høve til by og land. Er uroleg for at distrikta vil kome dårleg ut med tanke på fordeling av dei statlege overføringane og ved rekruttering av prestar, dersom styringa av prestetenesta vert lagt til kyrkjeleg fellestråds nivå.

Soknerådet bør få auke mynde ved tilsetjing av prestar.

1 røyst

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

- Vi meiner at dagens ordning er god – fordelt mellom stat og kommune - lokal finansiering sikrar lokal forankring. Lokal finansiering skapar også lokalt eigarskap til lokalkyrkja.

-

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

- Livssynsavgift kan vere eit alternativ, men må betre utgreiast for å kunne gje eit godt svar her.

-

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

- Redusere talet forvaltingsnivå til tre. Ved å etablere større einingar på mellomnivå (justert fellestrådsnivå) vil ein mange stader kunne drifte langt meir effektivt enn i dag. Med meir robuste fellestråd vil ein kunne styrke kompetansen og gi moglegheit for auka spesialisering og arbeidsdeling, særleg på forvaltingsområda.

- 4 røyster

Alternativt framlegg:

Svar: Arbeide for gode samarbeidsløysingar mellom sokna, prostiet, bispedømme og nasjonalt nivå

1 røyst

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Soknet skal vere grunneininga i kyrkja og slik styrkje engasjement og ansvarskjensle lokalt . Ein bør vere varsam med å fastsetje bestemte kriterium for storleik på soknet. Geografi og ikkje berre medlemstal må kunne vektleggast.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: JA

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostnivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

- Den pågåande kommunereforma vil legge føringar for dette, hovedregel bør vere samanfallande fellesråd og kommune.

-

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar:

- Med større sokn og dagleg leiing på soknenivå, kan oppgåver/ansvar overførast til soknerådet, for å gje soknerådet meir handlingsrom.
- 4 røyster
- Alternativt framlegg

Svar: nei

Soknerådet bør framleis ha ansvaret for verksemda.

1 røyst

.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: Å løyse oppgåver på lågast nivå er ei god rettesnor.

4 røyster

Alternativt framlegg

Svar: Nei

1 røyst

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar: Dette må leggest til ein person med leiingskompetanse, her må ein kunne nytte ulike løysingar fordi sokna sin storleik vil variere mykje. I mindre sokn må difor dagleg leiingsfunksjonen kombinerast med andre stillingar. Til spørsmålet om prest skal/kan vere dagleg leiar, bør hovedregel vere nei utifrå prinsippet om presten si sjølvstendige rolle. Dagleg leiing vert utført etter delegasjon frå rådet – medan prestenesta vert tufta på ordinasjonen. Så i vurderinga om dagleg leiing skal utførast av prest, er det viktig å sjå det oppimot den sjølvstendige rolla som det vert understreka at presten skal ha.

Men korleis leiing av soknet skal organiserast heng nøye saman med korleis den øvrige organiseringa vert fastlagt. Ein kan vanskeleg fastslå leiing før ein veit kva som skal leiast.

4 røyster

Alternativt framlegg:

Svar: Dagleg leing på soknenivå kan løysast på fleire måtar avhengig av storleiken på soknet. Soknepresten kan, men bør normalt ikkje ha ansvaret for dagleg leing i soknet.

1 røyst

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

- Biskopen må ha tilsynsansvar med kyrkjelydar, dette er eit viktig arbeid som må prioriterast og tydeleggjere at han har tilsyn med heile kyrkja.
- Biskopen skal i ei ny kyrkjeordning vidareførast som ein samlande og pastoral leiar i kyrkja.
- Vi treng også ein synleg biskop som kan fronte kyrkja utad
- Biskopen skal ha si merksemd på å ta vare på å «ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsatte og øvrige medarbeidere» slik det står i tenesteordninga for biskopar.

4 røyser

Alternativt framlegg:

Svar; Biskopen skal i ei ny kyrkjeordning vidareførast som ein samlande og pastoral leiar i kyrkja. Biskopens tilsyn bør utviklast og styrkast overfor alle vigsla medarbeidarar. Biskopen bør framleis leie prestetenesta og ha arbeidsgjevaransvar for prestane.

1 røyst

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

- Ein sentral rolle i samband med tilsetting av prestar og andre vigsla medarbeidarar
- Ordinasjon av prestar og eventuell oppheving av denne
- Kvalitetssikra dei vigsla sin teneste, og ha tilsyn med andre medarbeidarar og med kyrkjelydane
- Gje bindande pålegg knytt til tilsette si tenesteutøving
- Forordna gudstenester
- Godkjenningsansvar i samband med lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, trusopplæring og gudstenesteliv

4 røyser

Alternativt framlegg:

Biskopen medverkar i prosessen ved tilsetting av vigsla medarbeidarar. Prestar vert tilsett i bispedømmerådet. Biskopen har ansvar for kompetanse- og fagutvikling.

1 røyst

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: Viser til spørsmål 4. Ved ei streng prioritering av knappe ressursar kan ein ikkje sjå at ein har høve til å oppretthalde bispedømmeråd slik ein kjenner det i dag.

4 røyster

Alternativt framlegg:

Støttar fleirtalsforslag Alt A: Bispedømmerrådet vert oppretthalde som demokratisk valt organ.

1 røyst

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerrådet?

Svar:

- Viser til svar på pkt 4 og 14

4 røyster

Alternativt framlegg:

Arbeidsgjevaransvar for alle prestestillingar, ansvar for fordeling av presteressursar mellom sokna og ansvar for faglege og administrative støttefunksjonar

1 røyst

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: JA

- Arbeidsgjevaransvaret bør ligge på fellesrådsnivå/justert prostnivå

3 røyster

Alternativt framlegg:

Nei.

Fordelinga av arbeidsgjevaransvaret bør i hovudsak vere som i dag

1 røyst

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar: Alle arbeidsgjevarfunksjonar må ligge på fellesrådet, som utøver arbeidsgjevaransvaret på vegne av soknet. Og soknet må framleis vere eige rettssubjekt. Å tilsetje alle på bispedømmerådsnivå, og så delegere/overføre den praktiske arbeidsgjevaransvaret lokalt, er ei svært dårleg løysing. Då er det betre å halde fram med dagens ordning at prestane er tilsett hjå bispedømmeråd og øvrige tilsette i soknet. Det er viktig å få ei avgjerd på dette spørsmålet, fordi det legg føringar for det neste reformarbeidet

4 røyster

Alternativt framlegg:

Arbeidsgjevarfunksjonen vert fordelt på organa som i dag.

1 røyst

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: I liten grad

4 røyster

Alternativt framlegg.

I større grad enn i dag

1 røyst

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslende tjenester?

Svar: Slik vi les høyringsnotatet, så er det stort fokus på prestetenesta og også noko på dei vigsla tilsette, og det er viktige stillingar i kyrkja. Særpreget som er knytt til ordinasjon og vigsling er viktig, her har tilsyn/biskop ein viktig funksjon. Men det kan vere greitt å minne om at dei fleste tilsette i kyrkja ikkje er vigsla, men like fullt ei viktig arbeidsgruppe som også fortjener merksemd og drøfting korleis deira roller skal utviklast og ivaretakast. Det er viktig å få til ei organisering slik at ein understrekar alle tilsette sin verdi og funksjon i kyrkja. Det er viktig av omsyn til arbeidsmiljø, trivsel og oppgåveløysing. Tilrettelegging for fagleg utvikling er viktig, viktig er også den daglege leiinga slik at den enkelte tilsette kan få utvikle seg i si rolle og legge vekt på godt samspel med øvrige tilsette og frivillige.

4 røyster

Alternativt framlegg:

Svar; Ved at dei står under biskopen sitt tilsyn og normalt ikkje ha dagleg leiaransvar lokalt.

1 røyst

20 Har høyringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

- Kyrkjemøtet kan ha tilsvarende rolle som i dag, så kjem det til ein del nye funksjonar gjennom skilje stat – kyrkje.

21 Har høyringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Som i dag.

22 Har høyringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar; Mindretallsforslaget 1B:

Bispemøtet vert gjeve ansvar for førebuing, oppfølging og innstilling av lære- og liturgisaker overfor kyrkjemøtet synes å vere best for å ta vare på biskopane si oppgåve med tilsyn av læra. Ei slik ordning vil samstundes medverke til å sikre myndigheitsfordeling mellom sentralkyrkjelege organ.

23 Har høyringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Det bør ligge til preses.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Støttar tilråding frå kyrkjerådet.

1 røyst - 4 blanke

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Nei, dette ansvaret bør ligge til bispemøtet.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Som i dag.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ungdomsdemokratiet og ungdommens stemmerett på Kyrkjemøtet må heimlast i nytt kyrkjeleg regelverk.